



## MELDING OM VEDTAK

frå  
møte i formannskapet 11.5.2015

Saksnr 2013/882	Løpenr. 4949/2015	Klassering 20130002	Avd / sakshandsamar PUA/ SKR	Dato 21.5.2015
--------------------	----------------------	------------------------	---------------------------------	-------------------

### **PS 58/15 Reguleringsplan - Detajregulering byggjefelt Røyset II - klage**

#### **Formannskapet si handsaming:**

**Ordførar Anders Riise H, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet.  
6 voterande**

**Varaordførar Dag Audun Eliassen FL, tek over og leia møtet.**

*Anders Riise vert samrøystes røysta ugild, jf. Forvaltningslova § 6 b.*

*Tilleggsforslag i punkt 1:*

*Klagen vert sendt fylkesmannen til handsaming og avgjerd.*

*Tilleggsforslag i punkt 2:*

*Klagen vert sendt fylkesmannen til handsaming og avgjerd.*

#### **Røysting:**

Samrøystes

#### **Vedtak:**

- 1. Klagen frå Knut Petter Tøssvik på reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II vedkomande regulert veg i området vert ikkje teken til følgje.**

**Klagen vert sendt fylkesmannen til handsaming og avgjerd.**

*Grunngjeving: Den påklaga vegen(V2) er innplassert i planen i samsvar med regulert veg i gjeldande reguleringsplan for Røyset (PlanId.19800003), og reguleringsplanen for Røyset II inneber såleis ikkje noko arealmessig endring for klagaren sine eigedomar enn som tidlegare skulle vere kjent. Kommunen finn ikkje å ta omsyn til omtala bygning då den er oppført i strid med gjeldande reguleringsplan og då ei omlegging av vegen V2 som påklaga vil medføre at noverande veg (tidlegare regulert) vil måtte flyttast. Kommunen ser ikkje at det ligg føre vesentlege ulemper for klagaren sine*



*eigedomar slik ny veg er planlagt, og finn det heilt rimeleg at allereie bygd veg vert lagt til grunn for vidare utbygging. Kommunen legg då til grunn at mønefall må nyttast på vegen som no.*

**2. Klagen frå Rune Røyset på reguleringsplan – Detaljregulering Bustadfelt Røyset II vedkomande Røysetvegen og tilstanden på denne, vert ikkje imøtekommen.**

**Klagen vert sendt fylkesmannen for handsaming og avgjerd.**

*Grunngjeving: Klagen gjeld kommunevegen som passerer reguleringsområdet og som berre på ei kort avgrensa strekning inngår i planområdet. Kommunen som vegeigar har ansvar for å vedlikehalde vegen og sørge for at den held den standard som trengst for trafikken den er klassifisert for. Lokalisering av bustadområdet er i samsvar med kommuneplanen. Vi vurderer at reguleringsplanen for bustadfelt Røyset II ikkje utløyser behov for ny klassifisering av kommunevegen med m.a. tanke på den anleggstrafikken som utbyggingsfasen av feltet vil medføre og trafikkmengda som følgjer av utbygginga.*

Hareid, 21.5.2015

Rett utskrift:

Anne-Karete Mork  
Utvalsekretær

*Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering*

